

Tvilen som tar liv

Stadig fleire tviler på vitskap, uansett kor mange vitskaplege funn ein slår i bordet med. Forskarar fryktar antivitskaplege haldningar kan ta liv. **TEKST** GUDRUN URD SYLTE

Eg er redd for ein antivitskapleg tendens i samfunnet, og kva som vil skje dersom vitskapen misser si tyding som kunnskapsbase, seier Tore Furevik, klimaforskar ved Bjerknessenteret og professor ved UiB.

Medan vitskapen tidlegare vart tenkt på som nøytral, har samfunnet

generelt blitt meir skeptiske til autoritetar. Det er noko også vitskapen har fått smake. I eit pessimistisk lys kan ein kalle det for ei antivitskapleg bølge, er ein meir optimistisk, kan ein kalle det sunn skepsis.

Den amerikanske vitskapsjournalisten Michael Specter kallar det *Denialism*. I fjor gav han ut boka

« Det er trist dersom ein av ti millionar dør av ein vaksine, men alternativet kan vere langt farlegare, at dødelege sjukdommar kjem attende og drep mange millionar. » Michael Specter

20 22
MANDAG 8. SEPTEMBER 2008
VES

20 JENTER

20 unge kvinner er døde etter HPV-vaksinering, ifølge meldinger til legemiddelmyndighetene i USA. De alarmerende rapportene om mulige bivirkninger går rett inn i en ny, opphetet debatt.

To artikler i siste nummer av New England Journal of Medicine seier spørsmålsleg ved om de to vaksinene mot kjønns- og artikkelforfatterne trekker i tvil om rutinevaksinering vil være riktig og effektiv bruk av dyrebare helseteknologier.

Den ene av artiklene er en lederkommentar, skrevet av Charlotte Haug, selv lege og til daglig redaktør i Tidsskrift for den norske legeforening. Hun har også i Norge vært en sterk kritiker av rutinevaksinering av skolejenter mot HPV.

Haug skriver i lederkommentaren, som har ført til et stort antall presseopplag verden over, at forskerne fortsatt ikke har funnet svar på en rekke kritiske spørsmål knyttet til vaksinen:

- For eksempel er det fortsatt uklart om vaksinen vil forebygge ikke bare celleforandringer, men også livmorkreft.
- Det er heller ikke avklart hvor lenge beskyttelsen vil vare.
- De fleste HPV-infeksjoner ordinerer immunoforsvarer, vakt selv opp i. Det er derfor et sentralt spørsmål hvordan vaksinen vil påvirke vår naturlige immunitet mot hpv.
- Et annet sentralt spørsmål er hvordan vaksinen vil påvirke jenter som ikke har mødt p...

ved hvordan vaksinen vil virke på andre kreftform-kallende HPV-virus. Om de vil vise seg å bli farligere dersom HPV-18 og HPV-16 blir utryddet av vaksinen, slik målet er.

Business Manager Geir Nalund i Sanofi Pasteur MSD, som markedsfører HPV-vaksinen Gardasil i Europa, avviser Haugs spørsmål.

– Ingen nye argumenter – Når det gjelder Charlotte Haugs leder i NEJM ser vi ikke at den bringer nye argumenter inn i debatten, som ikke allerede er grundig behandlet i FHAs anbefaling eller i behandlingen i Rådet for kvalitet og prioritering, skriver Nalund i en e-post til VG.

Han fastholder at Gardasil er en svært sikker vaksine, som nå er distribuert i mer enn 30 millioner doser over hele verden.

– Så sent som 22. juli i år bekræftet de amerikanske helsemyndighetene Gardasil gode sikkerhetsprofil, skriver Geir Nalund.

– Og han tilføyer: – Når det gjelder dødsfallene som er rapportert inn til FDA, er det slik at i alle tilfellene hvor obduksjonsrapport var tilgjengelig, ble det fastslått at dødsårsaken ikke kunne knyttes til vaksinasjon.

– Vi har amerikanske lege-

Ny debatt om HPV-vaksinen



«bivertigene. Så langt har de altså fått melding om 20 dødsfall, 94 prosent av meldingene klassifiseres som «mindre alvorlig», 6%.

Likvevel holder både FDA og vaksineprodusenten Merck fortsatt fast ved at vaksinen er trygg og effektiv. Men FDA skriver på sine nettsider at de vil fortsette å overvåke vaksinens sikkerhet nøye.

I Australia, som i USA, har legemiddelmyndighetene (TGA) fått mange alarmerende meldinger: Totalt er det kommet inn 181 rapporter om mulige bivirkninger, også de fleste av disse er meldinger om mulige reaksjoner hos unge kvinner eller skolejenter som er vaksinert.

Andre er mer alvorlige: TGA gransker for syvtilfeller tre tilfeller av bukspyttkjertelbetennelse hos kvinner som ble skutt syke kort tid etter at de fikk HPV-vaksinen Gardasil. Betennelse i bukspyttkjertelen kan i verste fall føre svikt i vitale organer som lever, galle og hjerte, og dermed true livet.

E-post: journal@vg.no

MASSEVAKSINERING: Venter over vaksineres nå

TJUE DØDE: VG slo stort opp at tjue jenter hadde døydd etter å ha tatt HPV-vaksina. Nedst i teksten vart det opplyst at dødsfalla ikkje kunne knyttast til vaksina. FAKSIMILE FRÅ VG 8.9.2008.

MORALEN STYRER POLITIKKEN: – Det eg har lært meg gjennom eit langt liv som gynekolog, er at om ein kjem inn på felt som handlar om sex og moral, vil politisk syn overskygge det meste. Det var tydeleg då vi innførte bruk av abortpillen i Noreg. I HPV-saka har eg sett tilfeller der legar oppfordrar til seksuell avhold i staden for vaksine, seier Ole-Erik Iversen. Han har dei siste fire åra vore med i det vitskaplege rådet for utvikling av neste generasjons HPV-vaksine.

FOTO: WALTER N. WEHUS



nettopp med tittelen *Denialism. How Irrational Thinking Harms the Planet and Threatens Our Lives*. Her kategoriserer han og skildrar han det han kallar ein farleg trend, det å forkaste vitskapleg kunnskap når det kjem til spørsmål om legemiddelindustrien, alternative medisiner, klimaforskning og vaksiner.

Specter peiker på at vaksinemotstandarar gjerne ikkje oppfattar seg som fornektarar, dei kan vere bekymra foreldre som er redd for kva vaksina inneheld av tilleggsstoff. Men sluttar mange nok å ta livsviktige vaksiner som MMR-vaksina, kan det føre til at meslingar igjen får feste i befolkninga og mange barn vil dø

eller bli livsvarig hjerneskode. Det har gått så lang tid sidan meslingar var farleg, at folk ikkje lenger hugsar trusselen.

– Det er trist dersom ein av ti millionar dør av ein vaksine, men alternativet kan vere langt farlegare, at dødelege sjukdommar kjem attende og drep mange millionar. Me må sjå risiko i samheng med gevinst, og tenke på samfunnets beste, sa Specter til Dagens Næringsliv i februar i år.

«Supervaksine»

I Noreg er det mange foreldre som vegrer seg mot å vaksinere døtrene sine mot det såkalla HPV-viruset (humant papilloma-virus) som kan

« 30 prosent av alle norske jenter fødd i 1997 har ikkje tatt HPV-vaksina i det heile, medan 22 prosent av jentene som er fødd i 1998 har ikkje byrja å ta vaksinen. »

føre til livmorhalskreft. 30 prosent av alle norske jenter fødd i 1997 har ikkje tatt vaksina i det heile, medan 22 prosent av jentene som er fødd i 1998 ikkje har byrja å ta vaksinen. Ni år etter at HPV-vaksina vart teken i bruk, har ingen av dei vaksinerte fått livmorhalskreft eller forstadier til kreft, forårsaka av dei virus dei var vaksinert mot. Det var våren ▶

« **Det blir feil å kalle det ei vaksine mot livmorhalskreft, fordi den berre beskyttar mot nokre, dog viktige typar virus. Å misforstå det kan vere livsfarleg, dersom kvinnene trur dei ikkje kan få underlivskreft lenger etter vaksining og difor ikkje tar celleprøver.** » *Sissel Rogne*

- ▶ 2000 at det amerikanske legemiddelfirmaet Merck hadde utvikla det dei rekna med var ein effektiv HPV-vaksine. Dei kontakta Den norske Kreftforeninga, for å høyre om dei var interesserte i eit samarbeid om testing av vaksina. Merck såg på dei nordiske landa som svært attraktive land å foreta ei utprøving, fordi ein her i landet har gode fagmiljø og ikkje minst gode helseregister, deriblant Kreftregisteret.

– Styret i Kreftforeninga var begeistra. Sjølv var eg skeptisk, og kritisk til vaksina, seier Ole-Erik Iversen, professor i medisin ved UiB. Iversen har ei lang karriere som gynekologspesialist bak seg. Han har jobba med kvinner med livmorhalskreft gjennom mange mange år. At det skulle vere mogleg å finne ein vaksine mot visse typar livmorhalskreft, trudde Iversen rett og slett var for godt til å vere sant.

Ingen fekk kreft

Da Merck kontakta Kreftforeninga, hadde vaksina gjennomgått laboratorie- og dyreforsøk. For at ei vaksine skal bli godkjent må den også gå gjennom tre fasar med utprøving

på menneske: Først på frivillige for biverknader, deretter testar for å finne den rette doseringa. No var tiden kommen for den tredje fasen, og vaksina skulle testast på 12 000 deltakarar, der rundt halvparten fekk placebo-vaksine. 5500 av deltakarane var frå Norden, resten frå andre land.

– Av dei 12 000 deltakarane som vart testa, vart det rapportert om 29 tilfeller av forstadier til livmorhalskreft, og alle desse tilfella var i placebo-gruppa. Dette var oppsiktsvekkande, seier Iversen og fekk som konsekvens at vaksineutprøvinga vart avbrutt. Fordi den var så effektiv og trygg at ein såg at dei kvinnene som fekk placebo-vaksina vart utsette for risiko for å utvikle kreft.

Det er heilt spesielt at ei vaksineutprøving vert avbroten slik. Vaksina vart raskt godkjent rett og slett fordi den reddar liv. Livmorhalskreft er den nest hyppigaste kreftforma i verda for kvinner, og i mange land i tredje verda den aller vanlegaste.

– Det første resultatet frå langtidsoppfølginga vart presentert i Lisboa i midten av mai i år. Etter ni år har ein ikkje oppdaga svikt i effekten. Ingen av dei 5500 vaksinerte har fått forstadier til kreft, mange trur no at effekten er livsvarig slik ein har sett med hepatittvaksina, seier Iversen.

Kritiserer ein-sided informasjon

I tillegg til «folkeleg» skepsis til HPV-vaksina har også Bioteknologinemnda vore kritiske. Men i følge direktør Sissel Rogne i Bioteknologinemnda har dei aldri vore i mot vaksina. Det dei har vore kritiske til er at dokumenta ikkje hadde god nok risikovurdering, og at det ikkje var tid til informasjon verken til helsesøstre eller foreldre.

– Folkehelseinstituttet sa at vaksina var trygg. Men alle vaksiner har biverknader. Vi meinte at informasjonen var ein-sided og unøyaktig. Til dømes blir det feil å kalle det ei vaksine mot livmorhalskreft, fordi den berre beskyttar mot nokre, dog viktige typar virus. Å misforstå det kan vere livsfarleg, dersom kvinnene trur dei ikkje kan få underlivskreft lenger etter vaksining og difor ikkje tar celleprøver, seier Rogne. Ho legg til at Bioteknologinemnda òg meiner at ein hadde altfor stort hastverk med å innføre vaksinen og at staten burde betale den også til dei som vil vente til jentene er 13, 14 eller 15 år.

Vil ha openheit om vaksina

Rogne vil ikkje vere med på at Bioteknologinemnda er med på å forvirre folk med å vere kritiske til vaksina. – Nei, for at folk skal ha tillit til helsetenesten er det viktig å være åpen om biverknader og begrensningar. Vår kritikk skyldast først og framst at vi var redde for at folk ikkje skulle skjønne begrensningane til vaksina.

Direktør ved Folkehelseinstituttet Geir Stene-Larsen har avvist kritikken frå Bioteknologinemnda fullstendig.

– Dette viser at Bioteknologinemnda ikkje har sett seg skikkelig inn i saken og dei etiske momenta dei trekker frem, har vore grundig diskutert i samband med beslutningsprosessen, sa han til nettstaden Norsk helseinformatikk i 2009. Det er Folkehelseinstituttet som har gått inn for å innføre vaksina i Noreg.

Øg mens Bioteknologinemnda meiner at det finst faglege grunnar til å vere kritiske, lar foreldre seg truleg også påverke av saker i media. I 2009 reagerte britiske medier med



AUTISMEANGST: Den britiske legen Andrew Wakefield hevda i ein vitkspieg artikkel i 1998 at det var ein samanheng mellom autisme og MMR-vaksina. Nokre år seinare vart desse resultat avslørte som forskningsjuks, men mange foreldre vart redde og ville ikkje late barna sine ta vaksinen.

FOTO: SCANPIX

krigstypar då ei 14 år gammal jente døydde etter å ha fått HPV-vaksina på skulen. Det som ikkje kjem fram i artiklane som framleis finst på nettet er at jenta døydde av ein hjernesvulst, heilt uavhengig av HPV-vaksina. Norske medier plukka også opp ballen og presenterte overskrifta «20 jenter døydde» over to sider då dei skreiv at HPV-vaksina kunne bli innført

i Noreg. Nedst i teksten kunne ein lese at dødsfalla ikkje kunne knyttast til vaksina.

Autismejuks

Også for MMR-vaksina vaks skepsisen himmelhøgt etter at den britiske legen Andrew Wakefield i 1998 viste til ein samanheng mellom autisme og vaksina. Nokre år seinare vart desse

resultata avslørte som forskningsjuks. Likevel lever mytene i beste velgåande i debattfora på nettet. Og Wakefield står på sitt, sjølv om han vart fråteken autorisasjonen som lege og mista all tillit som forskar.

– Det er farleg når ein ikkje vil vaksinere barn, det skal ikkje så mange til før ein ikkje lenger er trygg for meslingar, seier Rebecca Cox, leiar

« **Det er farleg når ein ikkje vil vaksinere barn, det skal ikkje så mange til før ein ikkje lenger er trygg for meslingar.** »

Rebecca Cox, leiar for influensasenteret ved Haukeland Universitetssjukehus

- ▶ for influensasenteret ved Haukeland Universitetssjukehus.

Ho viser til ei auke i antal meslingetilfelle i Storbritannia og Europa sidan 1996.

– Det burde ein ikkje hatt i den vestlege verda i dag, når ein har ei så god vaksine mot meslingar. Å ta vaksina er ein liten risiko samanlikna med risikoen ved å bli sjuk. Meslingar er ein alvorleg sjukdom som kan føre til hjerneskade og død. Eg trur folk kanskje har gløymt det i dag.

Cox minner om at det finnest nokre menneske som ikkje kan vaksineras. Barn under 15 månader er til dømes ikkje vaksinerte i Noreg. Dei

er likevel beskytta mot meslingar, kuma og røde hundar fordi den store delen av befolkninga er vaksinerte. Men når folk sluttar å vaksinere barna sine, aukar den mengda av befolkninga som ikkje er vaksinerte, og ein kan få sjukdomsutbrudd.

Kven betalar?

Ragnar Fjelland, professor i vitkapsfilosofi ved UiB, meiner folk godt kan vere skeptiske til vitenskap.

– Det er sunt for vitenskapen at ein møter motstand. Vitenskapen må vise fram usikre moment, og tole kritikk. Men den type kritikk som klimaforskerne møter for eksempel, den forstår eg at dei vert lei av, seier Fjelland.

Som klimaforskar ved UiB og Bjerknessenteret møter Tore Furevik stadig dei same argumenta. Gjerne frå eldre professorar i tilgrensande fagfelt, som ikkje sjølv forskar på klimasystemet, men som har tyngda av ein naturvitenskapleg professortittel. Dei har lese seg opp på klima, men heng seg opp i einskilddetalj.

– Nær hundre prosent av alle publiserte forskingsresultat seier at den globale oppvarminga me har vore vitne til dei siste 50 åra, i all hovudsak er menneskeskapt. Likevel bombarderar klimafornektarane, eller klimarealistane som mange kallar seg, media med dei same argumenta om igjen og om igjen. Argumenta hentar dei frå enkeltarbeid

som tilsynelatande sår tvil om den gjengse oppfatninga, og oppdaterer ikkje kunnskapen når ny forskning viser at konklusjonen i desse enkeltarbeida har vore feil. Det er umogeleg for oss klimaforskarar å svare på alle debattinnlegga i media, då hadde me ikkje hatt tid til å gjere anna, seier Furevik.

Ragnar Fjelland minner om at ein må sjå etter motiva bak motstandarar av vitenskap. Klimadebatten handlar om politikk og pengar. Bak mange dei klimaskeptiske argumenta står oljelobbyen. Han hentar fram boka *Merchants of Doubt*, av historikarane Naomi Oreskes og Erik Conway. I boka viser forfattarane korleis ei lita gruppe vitkapsmenn på sekstisytitalet sådde tvil om den vitkaplege forskninga kring skadeverknadane av tobakk. Blant desse vitkapsmennene var professorane Fred Singer og Fred Seitz. Det har seinare vist seg at dei to og deira gruppe vitkapsmenn var betalte av tobakksindustrien for å så tvil kring samanhengen mellom røyking og lungekreft.

Frå røyking til klima

Så i dag, tretti- førti år etter, dukkar Fred Singer og Fred Seitz opp blant skeptikarane i den amerikanske klimadebatten. Ved å nytte samme teknikk som i tobakkslobbyen, sår dei tvil om klimaforskarane sin redelighet og objektivitet. Denne gongen er Singer og Seitz betalte av den amerikanske oljelobbyen. Oreskes og Conway viser at det er ein påfallande likskap mellom strategien til klimaskeptikarane og den strategien som vart nytta i



FRUSTRERT: Professor og klimaforskar Tore Furevik blir oppgitt over kor vanskeleg det er å bli trudd på at klimaendringane er menneskeskapte. FOTO: LARS HOLGER URSIN

« Det er sunt for vitskapen at ein møter motstand. Vitskapen må vise fram usikre moment, og tole kritikk. Men den type kritikk som klimaforskerne møter for eksempel, den forstår eg at dei vert lei av. » *Ragnar Fjelland*

diskusjonen om røyking og lungekreft, og at altså til og med nokre av dei same aktørene går att, sjølv om dei no naturlegvis er sterkt aldrande.

På same måte som på klimafeltet opplever lege Ole-Erik Iversen at legar opptrår i falske klede når dei går ut og åtvarar mot HPV-vaksina.

– Ein ting er vaksinemotstandane som av frykt for tukling med naturen er skeptiske til vaksiner.

Ein ganske annan sak er det når folk som burde visst betre går ut med sin faglege bakgrunn og gir sine ord autoritet, seier Iversen.

Legar vert oppfatta som ekspertar, men dei bør ikkje gå inn i antivaksinekampanje med sin autoritet som lege, når dei langt fra er ekspertar på vaksineområdet. Sjølv om ein er lege, så kan ein ikkje alt om vaksinar, seier Iversen. ◦

KLIMAFORNEKTAR: Den amerikanske republikanske presidentkandidaten Rick Perry kallar global oppvarming og klimaforskning for «all one contrived phony mess that is falling apart under its own weight.» FOTO: SCANPIX

